

Utdanningsdirektoratet
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO

REF.
08/1143

VÅR REF.
200800351-2 SIG

DATO
25.02.2009

Høyringsvar om framlegg til endring av forskrift til opplæringslova kapittel 17 – ”Kravet om språkleg parallellutgåve”

Språkrådet sender med dette høyringsvar til endringsframlegg i forskrifta til opplæringslova kapittel 17 – ”Kravet om språkleg parallellutgåve”.

Vennleg helsing

Sylfest Lomheim
direktør

Sigfrid Tvitekkja
fagkoordinator

Vedlegg: Høyringsvar til nye forskrifter til opplæringslova



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Høyringsvar til nye forskrifter til opplæringslova

Om definisjonen av læremiddel i § 17-1

Etter framlegget er læremiddel ”alle trykte og ikkje-trykte element, enkeltstående eller slike som går inn i ein heilskap som er utvikla til bruk i opplæringa, og som aleine eller til saman dekkjer kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læremiddel kan vere trykte og digitale.”

Kommentar:

Slik vi les kommentarane til dette framlegget til definisjon av læremiddel, er intensjonen at kontorstøtteprogram skal falle utanfor definisjonen. Språkrådet stør ikkje ein slik intensjon, men kan heller ikkje sjå at definisjonen er formulert slik at det går an å utelukke kontorstøtteprogram frå å vere eit læremiddel. (Kontorstøtteprogram er heller ikkje med i unntaksparagrafen.)

Litt utgreiing

Slik vi les setninga som definerer læremiddel, står det at læremiddel *anten* kan vere ”enkeltstående, trykte og ikkje-trykte element” *eller* ”trykte og ikkje-trykte element som går inn i ein heilskap, og som aleine eller til saman dekkjer kompetansemål i læreplanen”. Læremiddel kan dessutan også vere ”digitale”. Ei omformulering av dette leddet ville lyde: ”læremiddel kan vere trykte, ikkje-trykte og digitale. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap osv.” Kva går ikkje inn i ein heilskap? Er også ein stol eit læremiddel etter lova, korkje trykt eller digital, men ikkje-trykt? Vi ber om orsaking dersom desse spørsmåla verkar flisespikkande, men det er viktig at lovformuleringane ikkje innbyr til den slags seinare.

Kommentarane til framlegget inneheld ein annan definisjon. Der står det at ”for at et læremiddel skal omfattes av kravet må det for det første brukes regelmessig i opplæringen og for det andre må det dekke vesentlige deler av kompetansemålene eller være viktig for de grunnleggende ferdighetene”. Kontorstøtteprogram (t.d. tekstbehandlingsprogram og rekneark) vil etter dette kunne definerast som læremiddel, fordi dei er digitale, enkeltstående, blir brukt regelmessig i opplæringa og er viktige for dei grunnleggjande ferdigheitene ettersom digital kompetanse er ei grunnleggjande ferdigheit. Språkrådet trur det blir vanskeleg å handheve ein del av intensjonen i forskrifta (utelukking av kontorstøtteprogram t.d.) med støtte i formuleringa av definisjonen og ein del av kommentarane i førearbeidet. Språkrådet er samstundes imot ein intensjon om å utelukke kontorstøtteprogram frå kravet om språkleg parallellitet.

Etter 2005 stilte forskriftene krav til språkleg parallellitet også når det galdt kontorstøtteprogram. Dette vart gjort etter mange års påtrykk frå språkorganisasjonar og elevgrupper. No finst det kontorstøtteprogram på begge målformer. Det er difor uheldig å deregulere eit høve som har vore regulert, og som er språkpolitisk og pedagogisk viktig i opplæringa. Språkrådet meiner at den nye forskrifta ikkje kan setjast i verk før det er avgjort korleis ein regulerer bruken av kontorstøtteprogram i skulen. Språkrådet viser her til St.meld. nr. 35 (2007–2008) ”Mål og meining”, som i sin argumentasjon for bruk av marknadsmakt i staten når det gjeld å sikre

programvare på begge målformer, viser til opplæringslova som eit godt føredøme:” I forskrift til denne føresegna har Kunnskapsdepartementet fastsett reglar som inneber at programvare som elevane skal nytta i undervisninga, er omfatta av den nemnde lovregelen, dvs. at slik programvare skal liggja føre på begge målformer.”

Om vurdering av kva som er eit læremiddel § 17-1

”Når det skal vurderast om læremiddelet dekkjer vesentlege delar, må det gjerast ei konkret vurdering i forhold til læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.”

Kommentar

Her må det bli spesifisert kven som skal vurdere. Er det skuleeigaren eller nokon andre (jf. § 17-3)?

Formuleringa ”Læreplanverket for Kunnskapsløftet” bør ut av forskrifta ettersom Kunnskapsløftet er namnet på gjeldande læreplanverk. Med eit nytt namn på læreplanverket vil ein slik frase vere utdatert.

Formuleringa ”gjerast ei vurdering i forhold til” er språkleg uheldig. Framlegg: ”Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen, skal X vurdere saka”.

§17-1 femte ledd

”Når det skal vurderast om læremidlet er omfatta av kravet til parallellitet, gjeld dei same vurderingane for trykte og digitale læremiddel.”

Kommentar:

Det er viktig å få presisert kva reglar som gjeld for materiell som er lagt ut på dei ulike nasjonale sentra. Det er ulike oppfatningar hjå dei ulike aktørane om korleis ein skal oppfatte lærestoffet og produksjonen på sentra, jf. ”Under stadig utvikling ...”

<http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/digital-rapport-809.pdf>.

Språkrådet viser her også til det stoffet som ligg på nettsidene til Utdanningsdirektoratet. I brev frå Utdanningsdirektoratet 18.2.2009 til oss om www.skolenettet.no konkluderer direktoratet med at ”Utdanningsdirektoratet legger etter dette til grunn at Skolenettet juridisk sett ligger i en slags ”gråsoner”. Saka har sitt utspring i at Språkrådet meiner Utdanningsdirektoratet skal rapportere til Språkrådet om veksling mellom bokmål og nynorsk på nettsidene. Språkrådet har tilsyn med mållova og krev i samband med det at direktoratet gjer greie for målbruken på t.d.

www.skolenettet.no og avklarar om ressursidene fell inn under opplæringslova. Det er ikkje tilfredsstillande at Utdanningsdirektoratet etter arbeidet med å presisere opplæringslova, i denne saka konkluderer med at sjølv om www.skolenettet.no skal tilby ”veiledende innhold knyttet til læreplanen” (jf. definisjonen av læremiddel i framlegg til forskrift), er det *uklart* om nettsidene er omfatta av opplæringslova. Språkrådet vil leggje til grunn at direktoratet skal følge

målbruksreglane på desse sidene, der det t.d. også finst krav om parallellutgjevingar for lærestoff. Poenget i dette høyringssvaret blir likevel: Det bør vere klart etter denne runden med presisering om læringsressursane på desse nettsidene er regulerte av opplæringslova. Det kan ikkje vere tilfredsstillande å konkludere med at dette hamnar i ei gråsone. Verkeområdet for opplæringslova må klargjerast.

Om unntaksreglane i § 17-2

Andre ledd i paragrafen er ulogisk. Leddet ramsar opp kjeldestoff, aviser, oppslagsverk osv. som døme på stoff som er unnateke parallellitetskravet. Dette er ein type stoff som likevel ikkje kjem inn under definisjonen på læremiddel i § 17-1, og som det difor blir juridisk inkonsekvent å nemne som unntak frå 17-1.

§ 17-2 andre ledd

”Læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.”

Det bør bli spesifisert kor liten del ”ein mindre del” er.

§ 17-3 Ansvar til skoleeigar

Språkrådet sluttar seg til ordlyden i paragrafen, men føreslår dette tillegget heilt til slutt:

Skoleeigaren har plikt til å velje læremiddel som finst på begge målformer. Ei slik setning er eit godt utgangspunkt for kommunikasjon mellom skuleeigaren som innkjøpar og forlaga som tilbydar.

Allment

Forskrifta treng grundig språkvask for å bli korrekt slik ho er formulert no. For å sikre at jusen ikkje blir uklar på grunn av setningsbygnad og anna, bør ein språkkonsulent følgje det juridiske arbeidet. Direktoratet kan ta kontakt med Språkrådet om dette.